



KONSERT: I samband med utvandningsfestivalen vert det konsert i Emigrantkyrkja. (Arkiv)

Familiedag og amerikabesøk

RADØY: Til helga er det klart for ny utvandningsfestival på Sletta.

Av Anne-Lise Nordpoll
anne-lise@strilen.no

– I år ønskjer me å nå nye målgrupper, og difor vil me laga ein familiedag full av aktivitetar knytt til det å vera nybyggjar, skriv Ida Dyrkorn Heierland.

Ho er leiar ved Vestnorsk utvandringssenter og kan fortelja om stort program. Utvandningsfestivalen er vorte ein tradisjon på senteret og i år vert det laga ein nybyggjarleir rundt emigranthusa. Der kan små og store få prøva å skyta med pil og boge,

laga reiskapar av stein, sy skinn, besøkja indianartelt og vera med på rollespelet Amerikakofferten.

Første skuledag

Det vert også muleg å mimra litt om første skuledag i det gamle skulehuset. Her vert folk oppfordra til å koma og dela sine forteljingar om kva dei hugsar frå sin første skuledag.

– Ved å ta utgangspunkt i folk sine opplevingar frå første skuledag, set me fokus på det å vera ny i ein situasjon og også kan hende på ein ny stad. Mange i Noreg har kjent på det å vera ny- enten ein flyttar frå Kabul til Drammen, frå Austlandet til Vestlandet eller frå Noreg til USA, skriv Heierland i ei pressemelding.

I Hordaland heldt ein no på å samla inn slike skulehistorier, og

materialet som vert samla inn skal etter planen brukast i ei utstilling som skal opnast på utvandringssenteret til hausten. I samband med festivalen kjem det også besøk frå USA. Lutheran Brethren mannskor tek turen og opnar festivalen fredag, og dukkar også opp fleire gonger i løpet av helga.

Bilar og fagseminar

For bilinteresserte vert det også litt å sjå på. Det vert laga ein eigen camp med militære kjøretøy og utstyr, og det er venta storinnrykk av bilar frå Bergen Amcarklubb. Dans med Strilaringen kan ein også oppleva.

– I tillegg til dette vert det som vanleg fagseminar, ærseremoni ved monumenta og festmiddag laurdag, melder Heierland.

Gaute Ormåsen til Modalen



Tidlegare Idol-toar Gaute Ormåsen (bilde) kjem til Mo kyrkje søndag. Der skal han ha kyrkjekonsert. Dette er ein del av Modalsdagane 2011, som startar alt fredag med hatteparade, opp- tog og Klovnknut. Om kvelden vert det utekonsert med Moi frå Bergen og Tanita Kolås og band frå Lindås. Laurdag skal det vera stor marknadssdag med over 30 utstillarar. Då vert det og mange aktivitetar for store og

små. Og midt på dagen har Finn Tokvam og Claus Sellevoll show. Folkedansarane som er på festival i Nordhordland, kjem på besøk, og om kvelden er det bryggjedans med «Heimallanne». Søndag er det altså kyrkjekonsert, og der er kunstutstilling med Modalens eigen Jarle Midtun. Mo Foto har fotoutstilling. Det vert og besøk av veteranbåten «Blien» og veteranbuss.

No må du vera kjapp... – stem fram din favoritt

Av Anne-Lise Nordpoll
anne-lise@strilen.no

På Strilen sine nettsider kan du denne månaden stemma fram kandidatar til tittelen Nordhordlands beste artist.

Få dagar før konkurransen vert avslutta er det kome inn godt over 1000 stemmer.

I skrivande stund er det tvilingsøstrene i duoen Garness som ligg best ann med 326 stemmer, med Vegard Eide som nummer to med 284 stemmer,

framfor Claus Sellevoll og Knut Arild Haugland. Desse fire har sikra seg eit solid forsprang på resten av kandidatane, men det er framleis muleg å stemma på alle dei åtte kandidatane på Strilen si nettside.

Avstemminga vert open til og med torsdag 30. juni, og vinnaren vert kåra kort tid etter. Meir informasjon om konkurransen og tidlegare vinnarar finn du også på nettsida vår under kategorien Beste.

Pengar til grendahus

RADØY: Kolstad grendahus på Radøy har fått 90.000 kroner frå fylkeskommunen si løyving av spelemidlar til kulturhus. Dette er den einaste løyvinga til Nordhordland på denne posten denne gongen. Bygda samlar seg ved grendahuset mellom anna til jonsokfeiring.



Aadland svara om Sveitserhuset

Av Anne-Lise Nordpoll
anne-lise@strilen.no

MELAND: Sveitserhuset er framleis ikkje seld, sa ordførar Nils Marton Aadland i kommunestyret onsdag. Strilen har tidlegare skrive at Høgre-representant Ragnar Bratland har stilt spørsmål ved kva som egentleg skjer med det historiske huset på Holme og eit naust i nærleiken. Det er meir enn 1,5 år sidan kommunestyret vedtok at bygga skulle seljast, og Bratland fann grunn til å stilla spørsmål ved kvifor kommunen framleis sit på desse eigedommane.

– Bratland peikar på eit viktig

prinsipp. Vedtak i kommunestyret skal følgjast opp så snart som råd, og dersom det oppstår forhold i ei sak som gjer at det ikkje kan skje innan rimeleg tid, skal kommunestyret ha melding om dette, svara ordførar Nils Marton Aadland. Forklaringa som kommunestyret fekk høyra, var at brannen i Sveitserhuset kort tid etter at vedtaket vart gjort, førte til ein del ekstra arbeid. – Huset må setjast i stand att. Det har sjølvstøtt spelt inn. Når det gjeld naustet er det ligg det på eit anna bruksnummer, og det skal vera ein del uklare formalitetar som ein må få ordna opp i, sa Aadland.



Ove Veberg
Salgskonsulent
Privat og Bedrift
Nordhordland
Tlf: 908 67 031

- markiser
- persiener ute/inne
- lamellgardiner
- plisségardiner
- rullegardiner
- levegg
- vindussprosser



Alt innen solskjerming
& vedlikeholdsfrie sprosser

Fasadeprodukter er en av landets ledende leverandører av solskjerming. Vi kommer gratis hjem til deg med gode råd og løsningsforslag. Ta derfor kontakt med vår lokale konsulent eller ring **GRATIS: 800 80 488**
www.fasadeprodukter.no

